

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

ORGANISASJON

Etne Elektrisitetslag SA er eit samvirkeføretak der berre fysiske / juridiske personar som er sluttbrukarar av elektrisk energi, og som inngår avtale med føretaket om tilknytning til føretaket sitt kraftnett, kan vera medlemmer av føretaket. Sluttbrukarar som berre inngår avtale om netttilknytning for fritidshus, kan likevel ikkje vera medlemmer av føretaket.

Etablert i 1932, 84. driftsår.

Vårt forsyningsområde er gamle Etne Kommune og Kyrping.

Jord og skogbruk er hovudnæringa i bygda. Det er også ein del mindre industri.

VALNEMND

Valnemnda har i 2015 vore følgjande:
Torunn Stålesen leiar.
Alf Ove Birkenes og Tora Lilledal.

STYRET

Styret har i 2015 vore samansett av følgjande medlemmer:

Sigbjørn Tjelmeland	styreleiar
Nils Barthol Flatabø	nestleiar
Joveig Håheim	
Lars Jørgen Stålesen	
Gunnvor Nervik	
Unni Matre	
Torstein Kristiansen	frå dei tilsette

EIGEDOM

Bygninger:

1 stk. administrasjonsbygg på Nyvoll.
2 stk. lagerbygg i Steinshagen.

Transformatorar:

1 stk. 60/22 kV 10.000 kVA i Litledalen,
124 stk. 22/0,230 kV

6 stk. 22/0,400 kV
1 stk. 22/0,690 kV
1 stk. 22/0,4/0,23 kV
1 stk. koblingsstasjon på Kambe
Totalt samla yting på 23.115 kVA.

Anlegg 22 kV:

103 km

Anlegg opp til 1 kV:

188 km

DRIFT

Utførte nyanlegg.

Det er i år investert kr. 5.798.000,- i nye line-, kabelanlegg og nettstasjonar, kr. 76.000,- i inventar, målere og transportmiddel, kr. 88.000,- i bygning, kr. 940.000,- i breiband.

Planar nyanlegg.

I budsjettet er det sett av ca. kr. 4 mill til ombygging og nye forsyningsanlegg. Det er satt av kr. 0,7 mill til utbygging av breiband.

MÅLING - AVREKNING

Haugaland Kraft A/S tar hand om kraftavrekninga mot Nordpool ASA og er ein del av avtalen med Statnett SF.

Vi har samarbeid med Haugaland Kraft A/S på innkjøp av kraft.

Me har nå 1934 anlegg tilknytt vårt nett.

NETTDRIFT

Elles har det vore ein oppgang for transporten i nettet i år frå 41,7 GWh til 45,1 GWh samanlikna med 2014.
Høgast målt effekt var på 9669 kW.

Drift av nettet

KILE beløp for 2015 er på kr. 692.000,-

KRAFTMARKNAD

Vår standardtariff er kost områdeveid spottpris med eit påslag på 1,99 øre/kWh.
Dei fleste industri- og næringskundane har kontrakt som går år for år.
Hushaldnings- og landbrukskundane har kjøpt kraft til flytande marknadspris.

BREIBAND

Me har avtale med Haugaland Kraft om etablering og leveranse av "triple play" frå Altibox til EELs kundar. Me har kopta til ca. 830 stk. fiberkunder.

(DLE) DET LOKALE ELEKTRISITETSTILSYN

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) region Vest-Norge er vår rapporterings etat. DLE fungerer bra og kontrollane er i rute etter DSB sine krav.
Tilsynet har vore utført etter prioriterte felles aktivitetar frå DSB i eit samarbeid med DLE ved SKL Marked AS . I tillegg har det vore utført tilsyn etter ein lokalt prioritert plan frå DLE. Ein plan som er godkjend av DSB region Vest-Norge.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK (HMT)

El.laget er medlem av bedriftshelsetenesta, Internasjonal SOS, som utfører helsekontroll av dei tilsette.

Det blir gjort ein innsats for å fremja likestillinga i bedrifta vår.

Det har ikkje blitt rapportert skade på tilsette i 2015. Sjukefråveret var på rett under 2%.

YTRE MILJØ

Me prøver ved utføring av nyanlegg å bruke jordkabel der det ut frå kostnad er forsvarleg. Samt isolert ledning på linjene.
Dette ut frå omsyn til miljø, strålefare og fuglar.

ØKONOMI

Krafthandelen gav i år eit overskot på kr. 0,711 mill

Nettdrifta

Inntektsramma for 2015 var på kr. 12.591.000,-
Meirinntekta i 2015 er på kr. 1.359.000,-

Rekneskap

Likviditeten er bra.
Overskotet for året 2015 er før skatt på kr. 2,61mill.
Eige arbeid som er aktivert som investeringar er på kr. 3.329.000,-.
Skattekostnad er på kr. 0,906 mill
Netto overskot på kr. 1,704 mill
Rekneskapen er utarbeidd under føresetnad av at drifta skal halda fram.

Styret sitt forslag til disponering av overskotet:

Overskotet vert lagt til eigenkapital.

Styret vil takka dei tilsette for god arbeidsinnsats i året som gjekk.

Etne 31.12.2015/
18.05.2016

Styret

Sigbjørn Tjelmeland
Sigbjørn Tjelmeland
styreleiar

Nils Barthol Flatebø
Nils Barthol Flatebø

Torstein Kristiansen
Torstein Kristiansen

Joveig Håheim
Joveig Håheim

Unni Matre
Unni Matre

Gunnvor Nervik
Gunnvor Nervik

Bjarne Sævereid
Bjarne Sævereid
Elverksjef

Lars Jørgen Stålesen
Lars Jørgen Stålesen

Etne Elektrisitetslag SA

Resultatregnskap

Alle beløp i NOK 1.000

Note	Driftsinntekter og driftskostnader	2015	2014
2, 3, 5	Salsinntekt	32 204	31 375
	Anna driftsinntekt	1 109	1 747
	Sum driftsinntekter	<u>33 313</u>	<u>33 122</u>
2, 5	Varekostnad	15 458	15 001
4	Lønskostnad	6 520	7 460
6	Avskrivning	3 704	3 955
4	Annan driftskostnad	5 227	5 226
	Sum driftskostnader	<u>30 909</u>	<u>31 642</u>
	Driftsresultat	<u>2 404</u>	<u>1 480</u>
	Finansinntekter og finanskostnader		
	Anna renteinntekt	168	247
	Anna finansinntekt	41	46
	Annan rentekostnad	3	3
	Resultat av finanspostar	<u>206</u>	<u>290</u>
9	Ordinært resultat før skattekostnad	2 610	1 770
	Skattekostnad på ordinært resultat	906	641
	Ordinært resultat	<u>1 704</u>	<u>1 129</u>
	Årsresultat	<u>1 704</u>	<u>1 129</u>
	Overføring		
8	Avsett til annan egenkapital	1 704	1 129
	Sum overføringer	<u>1 704</u>	<u>1 129</u>

Balanse

Etne Elektrisitetslag SA

Alle beløp i NOK 1.000

Note	Eigedelar	2015	2014
	Anleggsmiddel		
	Utsett skattefordel	378	0
	Sum immaterielle eigedelar	<u>378</u>	<u>0</u>
	Varige driftsmiddel		
6	Bygningar og tomter	9 073	9 236
	Breiband	9 226	9 405
6	Distribusjonsnett	25 011	20 996
6	Transportm., sambandutstyr, inventar og lignande	2 438	3 059
	Sum varige driftsmiddel	<u>45 748</u>	<u>42 697</u>
	Finansielle anleggsmiddel		
7	Investeringar i aksjar og partar	335	301
	Sum finansielle anleggsmiddel	<u>335</u>	<u>301</u>
	Sum anleggsmiddel	<u>46 461</u>	<u>42 998</u>
	Omløpsmiddel		
	Varar	<u>2 911</u>	<u>3 031</u>
	Krav		
	Kundekrav	6 008	5 375
3	Andre kortsiktige krav	683	1 023
	Sum krav	<u>6 691</u>	<u>6 397</u>
	Investeringar		
10	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>6 146</u>	<u>7 439</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>15 748</u>	<u>16 868</u>
	Sum eigedelar	<u>62 209</u>	<u>59 866</u>

Balanse


Etne Elektrisitetslag SA

Alle beløp i NOK 1.000


Note	Eigenkapital og gjeld	2015	2014
	Innskoten egenkapital		
8	Annan innskoten egenkapital	6 489	6 489
	Sum innskoten egenkapital	<u>6 489</u>	<u>6 489</u>
	Opptent egenkapital		
	Annan egenkapital	45 994	44 281
	Sum opptent egenkapital	<u>45 994</u>	<u>44 281</u>
8	Sum egenkapital	<u>52 482</u>	<u>50 770</u>
	Gjeld		
9	Utsett skatt	0	136
		<u>0</u>	<u>136</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	1 940	4 003
9	Betalbar skatt	1 420	552
	Offentlege avgifter	1 633	1 139
	Anna kortsiktig gjeld	4 733	3 267
	Sum kortsiktig gjeld	<u>9 726</u>	<u>8 960</u>
	Sum gjeld	<u>9 726</u>	<u>9 096</u>
	Sum egenkapital og gjeld	<u>62 209</u>	<u>59 866</u>

Etne, den 18.05.2016

Styret i Etne Elektrisitetslag SA


Sigbjørn Tjelmeland
styreleiar


Nils Barthol Flatebø
styremedlem


Unni Matre
styremedlem


Gunvor Helene Nervik
styremedlem


Torstein Kristiansen
styremedlem


Joveig Håheim
styremedlem


Lars Jørgen Stålesen
styremedlem


Bjarne Sævereid
dagleg leiar

Etne Elektrisitetslag SA

Noter til årsrekneskapen 2015

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Alle tal i 1.000 kr om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapsskikk.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som vert betalt tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved vurdering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare enn bokført verdi, og det ikkje er venta at verdifallet er forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne etter fastsett plan.

Langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aksjar og partar i tilknytt selskap

Investeringar i tilknytt selskap blir vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrevne til verkeleg verdi når det er venta at verdifallet ikkje er forbigåande og det er naudsynt etter god rekneskapsskikk. Mottatt utbytte og konsernbidrag frå tilknytt selskap er inntektsført som finansinntekt.

Aksjar og partar klassifisert som anleggsmidlar

Investeringar i aksjar og partar der selskapet ikkje har monaleg påverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall når det er venta at dette ikkje er forbigåande. Mottatt utbytte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

Varelager

Varelager inneheld reservedeler, forbruksmateriell og noko salsvare. Varelageret er ført i balansen som omløpsmidlar. Fordelingstransformatorer på lager er balanseført saman med anleggsmidlar og vert avskrive over anleggsmiddelet si levetid. Varer er vurdert til lågaste av innkjøpskost og netto salsverdi.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når varen er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Krav

Kundekrav og andre krav er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvart einskild krav.

Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskott, kontantar og liknande inkluderar kontantar, bankinnskott og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønn.

Skattar

Skattekostnad i resultatrekneskapen er periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Skattekostnad og betalbar skatt gjeld utrekna formuesskatt som vert betalt i påfølgande år.

Note 2

Verksemdsfordelt rekneskap

	Kraft- omsetnad	Distri- busjon	Breiband- tenester	Andre tenester	Sum selskap
Kraftsal eksternt	8 472	0	0	0	8 472
Overføringsinntekter	0	16 053	0	0	16 053
Andre inntekter	58	64	7 995	671	8 788
Sum inntekter	8 530	16 117	7 995	671	33 313
Kraftkjøp	6 954	0	0	0	6 954
Nettap	0	729	0	0	729
Kostnader overliggende nett	0	2 873	0	0	2 873
Eigedomsskatt	0	511	0	0	511
Andre kostnader	0	0	4 220	172	4 392
Sum kjøpskostnader	6 954	4 113	4 220	172	15 458
Sum bidrag	1 576	12 004	3 775	499	17 854
Personalkostnader	116	5 477	741	186	6 520
Andre driftskostnader	749	3 956	636	-113	5 227
Avskrivningar	0	2 391	1 300	13	3 704
Sum driftskostnader	866	11 823	2 677	86	15 451
Driftsresultat	711	181	1 098	414	2 404

Note 3**Meir-/mindreinntekt****Berekening av meir-/mindreinntekt**

Tillatt inntekt			
Inntektsrame frå NVE			12 591
Kostnader overliggende nett			2 873
Eiendomsskatt			511
Justeringsparameter			770
KILE			-692
Sum tillaten inntekt			16 053
Faktisk inntekt			
Fakturert nettleige			17 349
Utjevningstilskott			-
Andre inntekter			374
Andel purregebyr og morarentar			24
Sum faktisk inntekt			17 747
Årets meir-/mindreinntekt			-1 694
Saldo meir-/mindreinntekt i balansen			
Inngående balanse meir-/mindreinntekt inkl. rentar			335
Årets berekna rente på meir-/mindreinntekt			-14
Årets berekna meir-/mindreinntekt			-1 694
Utgående balanse meir-/mindreinntekt			-1 359
Rentesats meir-/mindreinntekt 2015			1,56 %
Avkastingsgrunnlag/avkastning			
	IB	UB	Gj.snitt
Sum driftsmidler etter fordeling	30 883	30 192	30 538
Arbeidskapital	309	302	305
Sum avkastingsgrunnlag	31 192	30 494	30 842
Driftsresultat på nettdrifta			181
Avkastning på nettkapitalen			0,6 %

Note 4**Personalkostnader og ytingar til leiande personar**

Lønnskostnad	2015	2014
Løn	7 939	7 619
Folketrygdavgift	935	928
Pensjonskostnader	770	991
Andre ytingar	205	242
Sum	9 849	9 780
Aktivert løn til egne investeringar	-3 329	-2 320
Netto lønskostnader i resultatrekneskapen	6 520	7 460

Årsverk sysselsett i rekneskapsåret 12,5

Ytingar til leiande personar	Løn	Pensjons- kostnader	Annen godtgj.
Dagleg leiar	949	18	17
Styret	157		

Pensjon

Selskapet sitt pensjonsansvar er sikra ved kollektiv pensjonsordning. Kostnadsført beløp for pensjon tilsvarar betalt premie. Selskapet har ikkje innarbeidd generelle forpliktingar i rekneskapen. Pensjonsordninga tilfredsstillar krava til obligatorisk tenestepensjon.

Revisor

Godtgjerse til revisor i 2015 utgjer 98 herav 62 for lovpålagt revisjon og 36 for andre tenester.

Note 5**Energikjøp**

Kraftkjøpet blir fortløpande kostnadsført. Øvrig underdekning vil skje via spot- eller regulermarkedet. Kontrakten er ikkje vurdert i ein porteføljesamanheng.

Elektrisitetsslaget har salgskontraktar som følger område spotpris med et påslag til deler av sluttbrukarmarkedet i eige forsyningsområde for år 2015.

Note 6

Varige driftsmidler

	Bygninger og tomtar	Breiband	Distri. nett inkl. arbeid under utføring	Transport- midlar, målarar, inventar o.l	Sum
Innkjøpskost 01.01	14 808	16 065	50 558	3 979	85 410
Tilgang	88	940	5 798	76	6 902
Avgang	-61	0	-194	0	-255
Innkjøpskost 31.12.15	14 835	17 005	56 162	4 055	92 057
Akk. avskr. 31.12	5 762	7 779	31 151	1 617	46 309
Akk. nedskr. 31.12	0	0	0	0	0
Bokført verdi pr. 31.12.15	9 073	9 226	25 011	2 438	45 748
Årets avskrivningar	250	1 150	1 595	709	3 704
Årets nedskrivningar	0	0	0	0	0
Avskrivingsatts	0-7 %	5-33 %	2-4 %	8-33 %	
Avskrivingsplan	lineær	lineær	lineær	lineær	

Note 7 Finansielle investeringar

	Balanseført verdi
Andel i stiftinga Fase-Vest	3
Egenkapitalinnskudd i KLP	308
Andre aksjer	23
Sum	335

Note 8

Eigenkapital

Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Etne Elektrisitetslag SA sitt forsyningsområde, og som kjøper varer eller tenester frå laget, kan vera medlem. Alle medlemmer har lik rett til å røyste på årsmøtet.

	Innbet EK	Annan EK	Sum EK
Eigenkapital 01.01.14	6 489	44 281	50 770
Kjøp av andelar		9	9
Årets resultat		1 704	1 704
Avsett kjøpeutbytte			
Eigenkapital 31.12.14	6 489	45 994	52 482

Note 9

Skatt

Skattekostnad dette året	2015	2014
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	1 420	552
Endring i utsett skatt	-514	89
Skattekostnad ordinært resultat	906	641
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	2 610	1 770
Permanente skilnader	46	44
Endring i førebelse skilnader	2 014	-330
Skattepliktig inntekt	4 670	1 484
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	1 261	401
Formuesskatt	159	151
Sum betalbar skatt i balansen	1 420	552

Skatteeffekten av førebelse skilnader og underskott til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

	2015	2014	Endring
Varige driftsmiddel	-32	615	647
Fordringar	-113	-113	0
Avsettingar mv	-1 367	0	1 367
Sum	-1 512	502	2 014
Utsett skatt (27 % / 25 %)	-378	136	-514

Note 10

Bankinnskott

Bankinnskott, kontantar o.l. omfattar bundne skattetrekksmiddel med kr 428.